

I vedlagte matrise foreslår vi tiltak og rammer som vil bygge opp om eit seriøst arbeidsliv, hindre sosial dumping og at vi unngår arbeidsmiljøkriminalitet, og til sist at oppdrag og tenester blir levert av leverandørar med eit tydeleg og forpliktande HMS fokus.

Tiltaka må vere tydeleg og oversiktlege for dei som skal gjennomføre anskaffingsprosessar, for føretaka og for marknaden generelt.

Når styret har fatta sine vedtak om retning og strategi vil det vere nødvendig å etablere dei formelle krava og prosedyrane for kvart av tiltaksområda, der dette ikkje er dekkja inn. Det arbeidet bør vi nytte ekstern juridisk bistand for å få på plass for dei ulike kontrakts typane der det er nødvendig. Det er viktig at dei endelege krava vil «stå seg» anten det gjeld anskaffingsrettslege prinsipp, konkurransemessige omsyn, og ikkje minst at tiltaka i stor nok grad vil gje dei resultatata styret legg til grunn.

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<b>Skatter og avgifter</b> <b>1. Framlegga skatteattest - gjeld og for utanlandske leverandørar</b> <b>2. Attest for betalt meirverdiavgift. Tilsvarande for tilbydar frå andre land. Attestane skal ikkje vise restansar av betyding.</b> <b>3. Kunne dokumentere et fungerande HMS system</b>	<p>Krav 1-2 er ein del av dagens kvalifikasjons-grunnlag.</p> <p>Krav 3 er også ein del av dagens kvalifikasjonsgrunnlag, men ein har ikkje definert kva kravet inneber, og heller ikkje forventningar til statistikk og oversikt over meldte hendingar.</p>	<p>Når det gjeld krav 1 og 2 meiner vi det ikkje er grunnlag for ytterlegare skjerping av kvalifikasjonskrava.</p> <p>Når det gjeld HMS meiner vi det klart bør dokumenterast i kvalifikasjonsprosessen statistikk og oversikt over meldte hendingar. Det er den einaste måten ein kan forsikra seg om at det er eit vel fungerande HMS system utover at det er ein viser til dette slik det er i dag.</p>	<p>Tydeleggjering ved å få konkret informasjon om HMS status vil bidra til å løfta HMS tydelegare fram i kvalifikasjonsprosessen.</p> <p>Dette er særleg viktig i bygg og anleggskontraktar, men også for andre avtaleområder.</p>
<b>Økonomisk og finansiell kapasitet</b> <b>1. Tilbydar skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre oppdraget/kontrakten.</b> <b>2. Kredittvurdering/rating, ikkje eldre enn 6 månader, og som baserer seg på siste kjente rekneskapstal. Rating skal være utført av offentlig godkjent kredittvurderings-</b>	<p>Krava er ein del av dagens kvalifikasjons-grunnlag.</p> <p>Soliditet for gjennomføring av kontrakts forpliktingane må være tydelege. Vi vil anbefale at det for einskilde anskaffingsprosessar blir lagt inn krav til bankgarantiar som kan ha utlik utforming alt etter oppdragets karakter og risiko. Det kan være ordinære</p>	<p>Det vil ikkje medføre auka administrasjon eller førebuingar dersom ein etablerer nokre faste alternativ som kan bli lagt i ulike anskaffingsprosessar.</p>	<p>At ein bank allereie så tidleg i prosessen har bekrefta at dei vil utsteda aktuell bankgaranti, om leverandør blir tildelt oppdraget vil bidra til å redusera risiko for føretaksgruppa Helse Vest.</p> <p>I dei avtaleområda dette er nytta har det hatt god effekt og i dei tilfella ein har nytta bankgarantien har det fått leverandør til å innretta seg etter krav eller at avtalar blir avslutta.</p>

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<p><b>institusjon. Dersom Tilbyder ikkje kan vedlegga kredittvurdering vil oppdragsgivar på eige initiativ innhente dette</b></p> <p><b>3. Ratingen må være minst A eller betre, målt ut frå AAA Soliditets skala – eller tilsvarande score frå andre velrenommerede ratingselskap</b></p>	<p>bankgarantiar eller «On demand» bankgaranti der vi ikkje nødvendigvis må gjennom omfattande prosessar for å påkalla utløysing av garantien.</p>		
<p><b>Stille krav til tekniske og faglige kvalifikasjonar der det er aktuelt</b></p> <p><b>1. Informasjon og dokumentasjon som er nødvendig for å evaluere om krav er tilfredsstilt</b></p> <p><b>2. Dokumentasjon for eventuelle autorisasjonar der det er nødvendig eller annen dokumentasjon som viser at leverandøren tilfredsstiller eventuelle forskriftskrav</b></p> <p><b>3. Beskrivelse av tilbydar sin organisasjon som skal utføre oppdraget. Det skal gis ein oversikt over tal personer, fagkompetanse, erfaringer og godkjenningar</b></p> <p><b>4. Tilbyder skal opplyse tal fagpersoner med</b></p>	<p>Krav 1-3 er ein del av dagens kvalifikasjons-grunnlag. For krav om autorisasjonar har det vært døme på at ein på kvalifikasjonstidspunktet ikkje har hatt dei nødvendige autorisasjonar. Ein må stilla tydelege krav til kva autorisasjonar som må være på plass på kvalifikasjonstidspunktet. Dersom dette kan etablerast så seint som på kontraktstildelingstidspunktet er det risiko for at det er manglar eller uklarheiter om oppfyljing av krava.</p> <p>For krav 4 er det i dag krav til å opplysa om tal fagpersonar som er nødvendig, men det er ingen krav til del med fagbrev/spesifikk fagkompetanse, kurs mv.</p> <p>Krav 5 – 7 er ikkje ein del av dagens kvalifikasjonsgrunnlag.</p>	<p>Det vil krevje innsikt og oversikt over kva autorisasjonar eller forskriftskrav som gjeld, men dette ansvaret har ein uansett og kan like gjerne ha dette tydeleg spesifisert som del av kvalifikasjonsgrunnlaget.</p> <p>Konsekvensen av å krevja del fagarbeidarar og lærlingar vil være at det er dei seriøse leverandørane som tar del av samfunnsansvaret som kan bli kvalifisert tilbydar.</p> <p>Det vil ikkje innebere ekstra arbeid i anskaffingsprosessen, men i oppfølging av leverandørane gjennom oppdragsgjennomføringa vil ein måtte utøve kontroll. Det treng ikkje være krevjande i mindre oppdrag, men i større og meir kompliserte oppdrag med hovudleverandør med underleverandører vil det medføre kontrollrutinar. Dette kan skje i gjennom ordinære oppfølgingsmøter og ved</p>	<p>Det vil hindra at leverandører som ikkje har dei nødvendige autorisasjonar ikkje kan delta før dei tilfredsstiller alle krav og kan dokumentera dette. Det vil hindra at oppdragsgjevar blir sett til å følgja dette opp seint i ein anskaffingsprosess eller etter tildelt kontrakt. Det er risiko for klage dersom andre tilbydarar kan dokumentera at autorisasjonar ikkje var på plass på tildelingstidspunktet.</p> <p>Dette kan gjelde krav til autorisasjon for tilbydar eller tilbydars tilsette.</p> <p>Krav om del fagarbeidarar og del lærlingar vil støtta den totale kvaliteten i leveransane og ikkje minst det samfunnsansvaret som er lagt til offentlege oppdragsgivarar.</p>

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<p><b>nødvendig fagbrev/fagkompetanse, kurs og nødvendige sertifikater som leverandøren meiner er nødvendig å benytte ved eit eventuelt oppdrag/avtale.</b></p> <p><b>5. Verksemdene skal være godkjent lærebedrift</b></p> <p><b>6. Tilbydar skal ha eigne tilsette lærlingar</b></p> <p><b>7. Stille krav til del fagarbeidarar og del lærlingar</b></p>	<p>Det er ein forventning frå myndigheitene at ein blir tydelegare i å stilla formelle krav til leverandørane om fagbrev og lærlingar. Det er ein del av fleire element i samfunnsoppdraget.</p> <p>Det er ikkje uvanleg at ein stiller krav om å være lærebedrift, men det inneberer ikkje at ein må ha lærlingar. Mange verksemdar har vald å være lærebedrift utan at dei faktisk tar inn lærlingar. For at kravet om å være lærebedrift skal ha meining må ein samstundes stille krav om eigne tilsette lærlingar. For andre sektorar har ein også lagt inn krav om del fagarbeidarar og del lærlingar. Det er døme på 80% fagarbeidarar, 15% lærlingar. Ein bør stilla tydelege krav til del fagarbeidarar og del lærlingar.</p>	<p>stikkprøvekontrollar.</p>	
<p><b>Bruk av underleverandør</b></p> <p><b>1. Dersom tilbydar har behov for å måtte nytte seg av underleverandørar, bør ein vera tydeleg på kor mange underleverandør ledd som kan bli akseptert. Det må og stillast krav til tilsvarande dokumentasjon for eventuell underleverandørar som for hovudleverandør i for</b></p>	<p>Krav 1 er del av dagens kvalifikasjonskrav, men ein bør bli tydelegare på kva som ligg i kravet.</p> <p>Krav 2 inneber tydeleggjering av at alle autorisasjonar og alle andre krav som blir stilt til hovudleverandør må være på plass og del av kvalifikasjonsgrunnlaget. Den underleverandør som er vald som del av kvalifikasjonsgrunnlaget vil</p>	<p>Krav 2 inneber ingen konsekvens for oppdragsgjevar, men reduserer risiko for klagar dersom hovudleverandør endrar bruk av underleverandør etter kvalifisering.</p> <p>Det vil også hindra at ein vel ein underleverandør som er vel kvalifisert i første fase og seinare vel å bytta ut til anna underleverandør som er villig til å redusera pris med dei konsekvensar det kan medføra.</p>	<p>Det støtter opp om strategien og vil tydeleggjera tiltak i heile verdikjeda.</p>

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<p><b>prekvalifisering</b></p> <p><b>2. Dersom tilbyder må nytte innleigd personell skal det være tilsvarande dokumentasjon for aktuell samarbeidspartner som for hovudleverandør. Slik dokumentasjon skal følge med som del av kvalifikasjonsgrunnlaget</b></p>	<p>være den som skal utføra sin del av oppdraget. Endring av underleverandør etter kvalifisering vil være eit vesentleg avvik og kunne føre til avvising seinare i konkurransen.</p>		
<p><b>Pre-revisjon</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Oppdragsgjevar kan for aktuelle oppdrag gjennomføre pre-revisjon som del av prekvalifiseringa.</b></li> </ul>	<p>Dette er ikkje ein del av dagens ordinære kvalifikasjonskrav. Det er i nasjonale anskaffingsprosessar nytta høve til pre-revisjon som verkemiddel for å sikra at kvalifikasjonsgrunnlaga er på plass hos leverandørane.</p>	<p>Gjennomføring av pre-revisjon vil medføra tid og ressursar i ein del av anskaffingsprosessen, men kan hindra uendeleg mykje bruk av tid og ressursar i andre deler av anskaffingsprosessen og under oppdragsgjennomføring. Ein må velja å sjå dette som ein heilskap. Det vil krevja opplæring av anskaffingsteama eller at ein nyttar ekstern 3. part for gjennomføring. Dette kan skje som fast pris oppdrag. For dei av leverandørane som får vesentlege avvik eller som ikkje blir kvalifisert, kan ein legge inn at dei må bære deler av kostnaden med pre-revisjonen.</p>	<p>Dette støtter opp om strategien. Erfaringane ved bruk av pre-revisjon er gode. Difi har lagt merke til dette tiltaket og har i sin kommunikasjon stilt seg svært positive til dette som tiltak i aktuelle bransjar. Dette vil ikkje passe inn i alle anskaffingar, men det gir viktige signal at ein har rett til pre-revisjon og at et er eit vilkår å bestå ein pre-revisjon for å være kvalifisert for den vidare konkurransen.</p>
<p><b>Registrert lovlig etablert verksemd.</b></p> <p><b>1. Være registrert i aktuelle registre, inkluderer også registre for bemanningsføretak, register for reinhaldsbransjen, DSB for å nemne nokre eksempel.</b></p> <p><b>2. Ved kvar anskaffing skal</b></p>	<p>Dette er ikkje krav som ligg som generelle kvalifikasjonsgrunnlag i dagens kvalifikasjonsgrunnlag, men blir spesifisert i den einkilde konkurransen.</p> <p>Det blir kontinuerleg utvikla nye registre og stilt krav til registrering. Det er tiltak frå myndigheitene for å bygga opp</p>	<p>Det bør være rapporteringsplikt og sanksjonsmoglegheit i avtalane dersom tiltaket ikkje er gjennomført.</p>	

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<b>aktuelle registre vurderast og leggst inn som kvalifikasjonskrav.</b>	om eit ansvarleg og anstendig arbeidsliv.  Riksrevisjonen påpeikar i sin gjennomgang at dette er eit av dei områda der det er svak etterleving.		
<b>Referanse frå tilsvarande oppdrag</b>	Inngår i dagens kvalifikasjonsgrunnlag.		
<b>Leverandøren skal ha et velfungerende kvalitetssystem for oppdraget/tenestene som skal leverast.</b>	Inngår i dagens kvalifikasjonsgrunnlag.		
<b>Tilbyder må ha et velfungerende miljøstyringssystem for oppdraget/tenestene som skal leverast.</b>			
<b>Krav til språklige ferdigheter for det personell som utfører oppdraget</b>	Del av dagens kvalifikasjonsgrunnlag, men det er formulert at arbeidsspråket skal være «Skriftlig og munnleg arbeidsspråk skal være norsk.» Det kan være tolkingsrom slik det er formulert.  Ved tilsetning stiller føretaka krav om at søkjar må beherska norsk munnleg og skriftleg. Slik kravet er formulert kan det være dekkande at nokre beherskar norsk munnleg og skriftleg. Vi meiner ein bør klargjera at det for oppdrag som blir utført på byggeplassar, i helseføretaka må stillast krav til at dei som utfører	En ytterlegare tydeleggjøring vil støtta opp om felles og gode arbeidsprosessar der misforståingar på grunn av språklege ferdigheiter kan unngåast. Det kan redusera moglegheitene for dei som skal inn på arbeidsmarknaden med svake norsk kunnskapar, men vi meiner leverandør må kunne inkludera slike medarbeidarar i eit avgrensa omfang og etter nærare godkjenning frå oppdragsgjevar.	Det bidrar til god HMS forståing, innsikt og forståing av arbeidslivets spelereglar at alle meistrar språket. Det vil også førebygga at det er ein som skal uttala seg på vegne av andre arbeidstakarar, at arbeidstakarar ikkje kan gjera seg forstått eller forstå felles informasjon gjennom oppdragsgjennomføringa.  Dersom leverandørar tar eit utvida samfunnsoppdrag og inkluderer framandspråklege medarbeidarar i oppdraget, kan ein søka godkjenning for dette gjennom oppdraget. Tydelege krav i kvalifikasjonsgrunnlaget hindrar ikkje gode prosessar kring dette, tvert i mot kan dette medverka til eit godt og inkluderande arbeidsmarknad.

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
	<p>oppdraget beherskar norsk munnleg og skriftleg. Det kan sjølvstøtt vere aktuelt med oppdrag der arbeidsspråket må vere engelsk, men i dei få konkurransane dette kan vere aktuelt må det inngå som eit avvik frå hovudregelen.</p>		
<p><b>Tilgjengelig oversikt over eige personell og eventuelt underleverandør sitt personell</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Ha eit velfungerende system som til ein kvar tid kan dokumentere oversikt over tilsette og kva faglige kvalifikasjonar dei har til å utføre oppdraget/leveransen</b></li> <li>• <b>Leverandør skal til ein kvar tid kunne dokumentere etterleving av lønns- og arbeidsforhold, inkludert arbeidstid. Leverandør skal opplyse kva tariffavtalar som inngått i verksemda eller kva tariffavtaler som blir lagt til grunn, (der allmenngjering av tariffavtalar er aktuelt)</b></li> </ul>	<p>Krav 1 er del av dagens kvalifikasjonsgrunnlag, men sjå kommentarar til krav ovanfor.</p> <p>For krav 2 er ein ikkje så tydeleg som det bør vere. Det har vist seg at brot på kvile- og arbeidstidsregulering har eit større omfang enn det ein har lagt til grunn. Det bør stillast krav om at leverandør til ein kvar tid kan leggja fram tilfredsstillande oversikter over kvile og arbeidstid for alle som utfører arbeid under oppdraget.</p> <p>Riksrevisjonen har peika på dette punktet som viktig å få oversikt over i alle fasar av ein anskaffingsprosess og ikkje minst i oppfølging av inngåtte kontraktar.</p>	<p>Ein konsekvens er at ein får avklart om verksemd utan tariffavtale i verksemda kan gjennomføra oppdraga slik det er planlagt for prosjektet. Det er mindre handlingsrom for regulering av arbeidstidsordningar for verksemder som ikkje er del av eit tariffområde. Det er såleis viktig at ein allereie i kvalifikasjonsprosessen får avklart kva som er verksemdas moglegheit for regulering av arbeidstid. Partane i arbeidslivet som har tariffavtalar har eit anna handlingsrom enn verksemder utan tariffavtale.</p>	<p>Dette støtter opp om måla i strategien. Tydelege og oversiktlige informasjon vil gi noko meir informasjon å måtte gjennomgå i kvalifikasjonsprosessen, men vil uansett vere områder ein oppdragsgjevar må ha innsikt i når oppdraget skal utførast. Det gjeld likebehandlingsprinsippet ved bruk av bemanningsbyrå, bygg- og anleggskontraktar med meir. Ein kan like godt avklare så mykje som mogleg i kvalifikasjonsprosessen slik at det er dei som faktisk er kvalifisert som blir kvalifisert til å delta i konkurransen.</p>
<p><b>Lønnsutbetaling</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Lønnsutbetaling for tilsette som skal utføra oppdrag under kontakten anten hos hovudleverandør eller</b></li> </ul>	<p>Delvis del av dagens kvalifikasjonsgrunnlag. Det inneber at dette allereie på kvalifikasjonsgrunnlaget må vere innarbeida i kvalitetssystemet for den aktuelle leverandør. Det er i</p>	<p>Leverandør og eventuelt underleverandør må i kvalifikasjonsdokumenta sine beskriva korleis ein vil leggje til rette for dette. Det blir ikkje ekstra oppgåver for føretaka, men gir ein innsikt i korleis</p>	

Kvalifikasjonsgrunnlag	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<p><b>underleverandør skal ha utbetalt lønn til norsk konto.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Leverandør og eventuelt underleverandør skal dokumentere at oppdragsgjevar vil bli gitt tilgang til dokumentasjon for til en kvar tid å kunne gjennomføre kontroll av lønns- og arbeidsforhold for dei som utfører oppdraget, inkludert tilfredsstillande oversikt over arbeidstid, eventuelle bo og overnattingsfasilitetar mv.</b></li> </ul>	<p>denne teksten lagt til at oppdragsgjevar skal ha rett til å kontrollera at leverandør har tilfredsstillande oversikter, men det er ikkje ein omfattande tilføyning.</p>	<p>leverandørane har tenkt at dette kan gjennomførast.</p>	

Krav i kontrakt	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<b>Prøvetid</b>	<p>Ikkje del av dagens kontraktar. Det er ein god løysing at ein har prøvetid for leverandørar, spesielt for rammeavtar. Før prøvetida utløper kan ein avslutta avtaleforholdet utan risiko for økonomiske krav. Dette er allereie gjennomført i nokre nasjonale anskaffingar med godt resultat.</p>	<p>Føretaka har ein rett til å avvikla kontraktsforhold der leverandør ikkje utfører oppdrag i tråd med krava, eller har avvik frå kontrakt mv.</p>	
<b>Sanksjonar</b>	<p>Innarbeiding av sanksjonsmoglegheiter må regulerast for ulike kontraktar. Sanksjonar er del av standard avtalemalar, og dagens malar bør gjennomgåast</p> <p>.</p> <p>Nye krav om bankgarantiar som føreslått under kvalifikasjonsgrunnlag som «On demand» bankgaranti må vurderast.</p>		

Krav i kontrakt	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
	<p>Avslutning av avtale i prøvetid. Brot på likebehandlingsprinsippet ved bruk av bemanningsforetak Brot på etterleving av krav som er stilt må medføre rett til avvikling av oppdraget/kontrakt Nye krav som er stilt i kvalifikasjonsgrunnlaget må bli del av kontrakt og kvart av punkta må regulerast med sanksjonar og konsekvensar.</p>		

Avgrensa bruk av underleverandør ledd	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<p><b>Avgrensa bruk av fleire underleverandørledd</b></p>	<p>Det blir meir og meir vanleg å avgrense rett til å nytta mange ledd av underleverandørar; underleverandør til underleverandør forhold</p> <p>Den eller dei underleverandørar ein kvalifiserer seg med kan ikkje endrast med mindre dette på førehand blir godkjend av oppdragsgjevar. Det skal være faglege eller andre saklege grunnar som må dokumenterast av hovudleverandør før dette kan bli vurdert av oppdragsgjevar.</p> <p>Det bør vurderast om det skal setjast krav til ein underleverandør per fag for bygg og anlegg og tenesteleveransar. For andre områder bør ein i kvart einskild tilfelle vurderer behovet for og korleis ein regulerer ansvar og bruk av underleverandørar. Ein må uansett sikra seg at det er hovudleverandør som er ansvarleg for alt som blir gjort</p>	<p>Innføring av en slik avgrensing gir oppdragsgjevar kontroll med kven som utfører oppdraget.</p> <p>Tiltaket har liten konsekvens for arbeidsomfang for evaluering av leverandørar.</p> <p>Tiltaket har god effekt i oppfølging av leverandørar gjennom oppdragsgjennomføringa.</p> <p>Ingen regulering kan påføre betydelig meirarbeid i oppfølginga og kan også medføre økt risiko for oppdragsgjevar.</p>	<p>Regulering av bruk av underleverandør og hvor mange ledd en aksepterer i utførelsen av oppdraget er eit virkemiddel som støtter opp om oppdragsgivers ansvar for oppfølging, kontroll og bruk av aktuelle sanksjoner som ligger i avtalen.</p> <p>Å gjennomføre oppdraget med den eller dei underleverandørane ein er kvalifisert med bidrar til å redusere risikoen for at ein bytter ut seriøse aktører etter tildeling av oppdrag.</p> <p>Tydelege og avgrensa tal leverandørledd vil understøtta strategien.</p>



Avgrensa bruk av underleverandør ledd	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
	eller ikkje blir gjort.		

Oppfølging	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<b>Stille krav til korleis oppdragsgiver kan gjennomføre oppfølging og kontroll</b>	Dette har vi ikkje etablerte rutinar for. Vi har heller ikkje etablert ein standard for kvart kontrakts område. Dette bør Helse Vest Innkjøp HF og seinare Sjukehusinnkjøp HF etablere rutinar for. God avtaleforvaltning og kontraktsoppfølging må bli like godt etablert som gode anskaffingsprosessar.	Det vil krevje innsats å sikre god kontraktsoppfølging, men det vil være desto meir krevjande å handtere dette frå tilfelle til tilfelle. Gode rutinar og føreseielege prosessar vil over tid profesjonalisere kontraktsoppfølginga.	Avgjerande for å sikre god kontraktsoppfølging, redusere risiko for oppdragsgjevar.
<b>Stille krav til tilgjengelig dokumentasjon</b>	Er del av dagens kontraktar, men innafor nokre kontrakts-område med høg risiko bør dette beskrivast i detalj kor raskt dokumentasjon skal stillast til rådvelde, og korleis leverandør skal medverka til dette.	Ingen konsekvens for arbeidsomfang, men gir noko arbeid i anskaffingsfasen. Vil hindra diskusjon om dette i dei tilfella ein må ha gjennomgang. Det er alltid krevjande å få dette fram i dei tilfella ein har behov for det.	Det vil støtta opp om strategien.
<b>Moglegheit for gjennomføring av revisjonar utført av oppdragsgjevar eller 3. parts revisjon</b>	Dette står ikkje klart nok i standard avtalar. Det bør ikkje være krevjande å leggja dette inn i kontraktane.	Ingen konsekvens.	Det vil støtta opp om strategien.
<b>Dersom det blir avdekka vesentlige avvik som krev oppfølging fra oppdragsgiver, må det kontraktsfestast at leverandør er ansvarlig og skal dekke dei kostnader dette medfører for oppdragsgiver. Dersom det blir avdekka vesentlege avvik har oppdragsgjevar rett til å varsle</b>	Det er ikkje del av dagens kontraktar. Dei leverandører som viser seg å ha brot krav i kontraktane må også bære risiko for kostnadane med revisjon.	Dersom ein skal ha kapasitet til å gjennomføre dette sjølve vil det for dei tilfella dette blir nytta krevja tid og ressursar. Dersom ein nyttar 3. parts revisjon må ein uansett måtte bidra til å overlevera kunnskap mv som er naudsynt for å gjennomføre revisjon.  Det kan innebere kostnadar for dei tilfella ein må nytta revisjon, men vi	Det vil støtta opp om strategien.

Oppfølging	Kommentar	Konsekvens av eventuell tydelegare/skjerping av krava	Korleis støtter dette opp om strategien?
<b>styret eller omgåande avslutta kontrakten.</b>		antar at det for dei tilfella allereie er andre omkostningar som blir påført oppdragsgjevar.	